



Byggmester Knut Henanger  
Mjåtveitstø 33A  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/2164 - 16/17102

Saksbehandlar:  
Tore Johan Erstad  
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:  
07.09.2016

## Godkjenning - GBNR 22/253 - Løyve til oppføring av garasje

**Administrativt vedtak. Saknr: 297/2016**

**Tiltakshavar:** Pål Kårbø og Hege Anette H Hellen  
**Ansvarleg søkjar:** Byggmester Knut Henanger, org nr 985 477 647  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

### **SAKSUTGREIING:**

#### Saka gjeld:

Saka gjeld søknad om oppføring av garasje med bruksareal (BRA) opplyst til å vere ca. 44,4 m<sup>2</sup> og bygd areal (BYA) ca. 49,5 m<sup>2</sup>. Løyve til oppføring av einebustad på eigedomen vart gitt ved delegert vedtak i sak 15/3221, DS 284/2016.

Det vert elles vist til søknad med vedlegg journalført motteke 14.7.2016.

### **VURDERING:**

#### Nabovarsling:

Tiltaket ble nabovarsla 9. og 10.11.2015 i samsvar med plan- og bygningslova § 21-3. Det er ikkje motteke nabomerknader.

#### Lov- og plangrunnlag:

Gbnr 22/253 er i *Reguleringsplan for Mjåtveitmarka* (arealplanid 125620060002) regulert i delvis til byggeområde for bustad og delvis til vegetasjonsskjerm (P2). For vurdering av plangrunnlaget og dispensasjon frå utnyttingsgrad blir det vist til løyve til oppføring av einebustad, sak 15/3221.

### Plassering av tiltaket og avstand frå nabogrense:

Tiltaket skal plasserast som vist på vedlagt situasjonsplan journalført motteke 14.7.2016 Plassering av garasjen med minste avstand til nabogrense mot høvesvis gbnr 22/243 på 2 meter og 22/98 på 1 meter blir godkjent av Meland kommune i medhald av pbl § 29-4, tredje ledd, bokstav b.

### Utforming, høgde og utsjånad:

Tiltaket skal oppførast i samsvar med vedlagt plan-, snitt- og fasadeteikningar journalført motteke 14.7.2016. Kommunen vurderer at tiltaket stettar krava til utsjånad og funksjon i pbl §§ 29-1 – 29-3.

### Ansvarsrettar:

Garasjen vurdert isolert krev ikkje ansvarsrettar, men vart omsøkt saman med bustaden på eigedommen. Administrasjonen finn det difor tilstrekkeleg å vise til erklæringar om ansvar omtalt i sak 15/3221, DS 284/2016, som gjeld tilsvarande ved oppføring av garasjen.

### **VEDTAK:**

«Meland kommune gir i medhald av pbl § 20-1, jf pbl § 21-4, løyve til oppføring av garasje på gbnr 22/253 i Meland kommune. Grunngevinga for vedtaket går fram av saksutgreiing og vurdering ovanfor.

Plassering og utføring av tiltaket skal vere som vist på situasjonskart og teikningar journalført motteke 14.7.2016, jf pbl § 29-4, tredje ledd, bokstav (b). Det gjeld eit toleransekrav i horisontalt plan +/- 50 cm og i vertikalt plan +/- 20 cm.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at byggjeløyvet vart gjeve, fell det bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn to år, jf pbl § 21-9. Dei opplysningar om byggetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i Matrikkelen, jf matrikkellova, som er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.

Tiltaket skal utførast i samsvar med krav og vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, så framti ikkje anna er bestemt ovanfor.»

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift.

Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad  
Juridisk rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*